

Eksamen i norsk sidemål

Del A – Kortsvarsoppgåve

Natur og sjelefred

I bloggposten til Johanne S. Refseth eller *psykolog.med. sovepose* på Instagram, har forfattere lagt ut eit bilete av seg sjølv i skogen, med ei tekst om det å heile seg sjølv. Ho nyttar appellformane etos og patos i denne bloggposten.

Føremålet med den samansette teksten verkar å vere todelt. Forfattere vil både opplyse folk om kor heilande naturen kan vere, gjerne kombinert med sosial kontakt, i tillegg til at ho antakeleg vil selje boka si.

Refseth har allereie ein innleiande etos ved at ho er psykolog, altså ein som har kompetanse, og er difor ein som har truverd til å uttale seg om psykisk helse. Det at ho sjølv openbert tar i bruk desse råda, ved at ho på biletet sitt utanfor eit telt i skogen, styrkar pålitelegskapen hennar, noko som også er viktig for å ha ein sterk etos.

Ein kan også seie ho nyttar patos ved å knyte lækjedom med naturen, som i seg sjølv er noko mange assosierer med sjelefred. Dette er kanskje særleg høve for nordmenn, som gjerne har ei førestilling om at mennesket høyrer heime i naturen. Ved å nytte ord som «urgamle» og «kaffebålet» appellerer ho kanskje til ei nasjonalromantisk kjensle. Ho bruker òg patos når ho skriv om «..muskelspenning...» og liknande, noko mange i dag kjenner på, i ei digital verd der ein tilbringar meir tid framfor pc'en enn ute i skogen.

Refseth har slik ein sterk endeleg etos til å kunne snakke om psykisk helse, medan ho nyttar patos for å appellere til kjenslene våre.

Kjelder:

Refseth, Johanne: «Terapien i elgjakta, en bloggpost om hva det å heles egentlig handler om». Instagram 04.12.2022

Del B – Langsvarsoppgåve

Oppgåve 2

Språk og identitet – alltid i utvikling

Språket er alltid i endring. Ei årsak til dette kan vere at kvar gong ein ny generasjon lærer språket frå grunnen av, lærer dei det litt annleis frå gong til gong. I tillegg har det blitt meir kommunikasjon mellom folk, både ferdsel mellom land og byar, og gjennom internett og sosiale medium. Språk er tett knytt til både identitet og makt, og språk frå land med høg status, til dømes slik USA har i Noreg, har ofte stor innverknad på korleis folk pratar og skriv. I teksten «Tilfeldig bruk av random» frå *Språksnakk*, sendt på NRK Radio 15. april 2022, får vi eit innblikk i korleis språkforskar Anne Dahl frå NTNU meiner dette kjem til å påverke det norske språket, og meir spesifikt om korleis ordet «random» har påverka ordtilfanget. Engelsk verkar openbert å ha ein innverknad på korleis nordmenn pratar i dag, men det er òg interessant å sjå på om denne utviklinga kan endre den språklege identiteten i Noreg.

Engelsk er truleg det språket som har størst innverknad på norsk i dag. Dette har nok som sagt ein samanheng med statusen til det engelske språket, som er generelt er høg blant nordmenn i dag, ikkje ulikt statusen til tysk på 1800-talet. Engelsk dominerer på TV, film, i gaming og musikk, og ikkje berre i til dømes filmar frå USA og England, men òg i norske produksjonar. Det er nett dette som utgangspunktet for samtala mellom programleiar Klaus Sonstad og Anne Dahl i radioprogrammet *Språksnakk*. Dei ser på eit klipp frå den norske TV-serien SKAM, kor ein av karakterane nyttar eit engelsk ord framfor eit norsk når han seier «..masse randome damer...». Dette er ikkje ulikt slik mange unge i dag pratar, og det er eit godt døme på korleis engelsk har påverka det norske talemålet i Norge.

Ein kan altså sjå påverknaden av engelsk i norsk i dag, men det er interessant å sjå meir konkret kva som blir påverka og endra. Det er stort sett ordtilfanget vårt som blir gjort om på, med leksikalske endringar som til dømes importord som kjem inn i språket, nett som ordet «random». Importord er sjølv sagt ikkje noko nytt, vi har hatt tyske låneord i språket i ei lang årrekke, men dei importorda som strøymer til i språket i dag kjem først og fremst frå engelsk.

Programleiaren fremmer bekymringa for at engelske ord kan ta over for norske, og på den måten endre det norske språket. Her er ikkje Anne Dahl like uroa. Sjølv om engelske ord har ei høg status, særleg blant unge, er det fleire høve kor det ikkje sømmer seg å bruke dei. Som Dahl forklarar, ville ho eksempelvis aldri sagt «random variasjon» når ho presenterer statistikk i ein fagleg samanheng.

Det er flest innhaldsord som vi tar frå det engelske språket, som «podcast», «skills» og liknande, ikkje funksjonsord som *who*, *that*, og *she*, og heller ikkje grammatikk. Ein treng grammatikk for å kunne lage eit heilt nytt språk. Slik sett kan ein kanskje seie at så lenge ein ikkje tar i bruk engelsk grammatikk, så vil språket moglegvis fortsette å endre seg, men aldri bli *heilt* engelsk. Fleire importord, som til dømes «podcast», får i tillegg norsk bøyning. Det er nok meir vanleg og naturleg for folk å seie «alle podcastane» enn «alle podcasts». Slik ser ein kanskje at språka blir meir fletta saman til noko nytt, enn at det eine erstattar det andre.

Avløyсарord er ein anna måte engelsk har påverka talespråket. Dette kan ein kanskje sjå som eit forsøk på å gjere norsk relevant sjølv når ein nyttar engelske ord. Fleire avløyсарord har fått rimeleg godt fotfeste i språket i dag, som til dømes «heimeside», i staden for «homepage». Det er ikkje alle ord som har blitt like godt mottatt, men dette er i alle høve ein måte halde norsk relevant på. I røynda er det å lage norske variantar av framandord er ikkje noko nytt. Knud Knudsen gjorde òg eit forsøk på å lage norske alternativ til framandord, som til dømes «ordskifte» og «hjertesutt» i staden for høvesvis «debatt» og «forelska».

Eit døme som òg bekreftar den engelske påverknaden av norsk talemål er domenetap. Domenetap er når engelsk tar over for norsk til dømes i jobbsamanheng, på universitet eller i forskning. Det er fleire bransjar som moglegvis nyttar seg meir av engelsk enn andre, til dømes i IT-bransjen. Om ikkje norsk lenger kan bli brukt på visse arbeidsplassar eller i forskning, kan ein kanskje seie at språket blir mindre levedyktig, eller har mindre legitimitet. På den andre sida kan ein argumentere med at domenetap ikkje berre er negativt. Ei positiv følgje av at fleire nyttar engelsk, kan vere at kommunikasjonen på tvers av landegrensene blir lettare, og at fleire kan få tilgang på den same informasjonen, utan at ein treng å omsetje han. I alle tilfelle kjem Dahl med eit eksempel på nettopp korleis ein som jobbar med datasystem «bruker omgrepet 'tilfeldige tall for kryptering'» i staden for «random numbers» som det

heiter på engelsk. Dette er eit godt teikn på at norsk framleis kan vere levedyktig i IT-bransjen, til tross for at engelsk blir meir og meir dominerande.

Det at engelsk har påverka norsk verkar altså openbert. Spørsmålet som er interessant å sjå på er om dette har noko å seie for den språklege identiteten til nordmenn i dag. Eller for å starte i den andre enda, kva er eigentleg språkleg identitet for nordmenn? Dette er òg noko dei spurde seg både på 1800-tale og på 1900-talet. På 1800-talet handla det mest om kva språket hadde å seie for kjensla av nasjonal identitet, medan det på 1900-talet handla meir om politisk identitet og klassetilhøyrse. Ein hadde vestlandske bondedialektar, som hadde nokså høg status på grunn av den nasjonalromantiske tida som prega Noreg. Danna daglegtale naut òg høg status, medan folkemål eller arbeidarklassemål ikkje hadde like høg status. Slik sett kan ein kanskje seie at nordmenn har prøvd å finne ut av den språklege identiteten sin i fleire hundreår allereie.

Som Dahl seier har vi stor valfridom i begge skriftspråka i Noreg i dag. Om du nyttar nynorsk eller bokmål seier kanskje noko om kor i landet du kjem frå, men også kanskje noko om identitet. Nyttar du dialekta som besteforeldra dine har, eller har du blitt meir påverka av regionalisering og standardisering? Ikkje berre i dialektane, men også i skriftspråket har vi valfridom, som kanskje kan reflektere noko om identiteten din, klasse og politisk tilhøyrse. Til dømes vil det nok for nokon vere heilt unaturleg og rart å skrive «sola» på bokmål, medan andre aldri kunne tenke seg å skrive «solen».

Det at engelsk påverkar språket, særleg til unge, gjer kanskje noko med den språklege identiteten. Det var harde politiske kampar og debattar som la grunnlaget for det språket vi har i dag, men er det nå i ferd med å bli erstatta av engelsk? Gjer det at vi får mindre tilknytning til Noreg, eller kjenner mindre på norsk identitet? På den eine sida kan ein si ja, kanskje. Det er mogleg at det generelt er ei mindre trong for ei særskild norsk identitet i dag. Det er allereie 209 år sidan vi fekk vår eige grunnlov, og 118 år sidan unionsoppløysinga frå Sverige. Unge i dag kjenner kanskje meir på eit behov for å høyre til eit meir internasjonalt samfunn, og ha ein meir internasjonal identitet, enn å kjenne på norsk identitet. Det at unge (og fleire ikkje så unge) nyttar engelske ord i større grad enn nokon gang før, og til dømes at små barn nyttar engelsk når dei leiker, kan kanskje tyde på noko slikt.

På den andre sida treng kanskje ikkje identitet, eller særleg nasjonal identitet å vere like knytt til språk som ein kanskje trur? P. A. Munch meinte noko liknande, da han under språkdebatten på 1830-talet sa at nasjonal identitet handlar meir om karakteren til folket og naturen i landet enn om kva for språk ein nyttar. Sjølv om dette var ein debatt som handla om skriftspråket i Noreg, så kan ein kanskje også seie det same om talemålet? Det kan vere at fleire tenker det same, at det dei alltid vil kjenne på ei norsk identitet uavhengig om dei seier «eg må betre nynorsk-skillsa mine» i staden for «eg må betre nynorsk-ferdigheitene mine».

Engelsk har høg status jamt over i Noreg. Å kunne flytande engelsk, gjerne med ei god uttale, er ikkje berre noko som i dag gjerne blir sett på med vurdning, men òg noko som folk i større og større grad kanskje tar for gitt. Om du ikkje kan engelsk i det heile tatt, eller stotrar på eit veldig dårleg engelsk, kan dette kanskje gjere at du ikkje verkar like utdanna eller reisevan? Det å ha økonomi til å reise, lære seg språk, kanskje til og med ta utdanning i utlandet, er ting som gjerne har høg status i dag. Slik sett kan ein kanskje seie at engelsk har påverka den språklege identiteten i Noreg. Likevel er det ofte slik at det skriftspråket som er offisielt er det som har høgast legitimitet, og det talemålet som er likest det offisielle skriftspråket har historisk hatt høgst status. Dahl ville til dømes aldri brukt det uoffisielle ordet «random» i ei formell høve. Men ein mogleg måte å sjå det på er at det engelske språket i framtida blir ein del av det norske, til dømes om det norske ordet «tilfeldig» i framtida blir eit synonym til «random», som Dahl seier.

Språket og talemålet endrar seg heile tida, som verda og levetilstanda også gjer. Ei ny verd treng kanskje eit nytt språk? Endring i språket er heilt naturleg, om ein ser på utviklinga av norsk frå til dømes norrønt. Det er mykje som har skjedd med språket. Språk og identitet er veldig tett knytte til kvarandre, så det er kanskje difor også naturleg at språket endrar seg i tråd med at tankar kring identitet endrar seg? Språkforskar Dahl trur ikkje engelske ord vil ta fullstendig over for norske, men heller sørge for at det blir enda meir valfridom i språket, eller kanskje ei anna form for valfridom som i større grad byggjer på val mellom engelsk og norsk. Det er ikkje lett å spå framtida, men det er ikkje utenkeleg at ho har rett, når ein ser på korleis engelsk har påverka det norske språket og den språklege identiteten i Noreg.

Kjelder:

Sonstad, Klaus: «Tilfeldig bruk av random». *Språksnakk* 15.04.2022 Språksnakk – NRK Radio (nedlasting 06.12.2022). Utdrag, skriftleg versjon ved Utdanningsdirektoratet.